

Delta i debatten,
skriv til oss!

Send ditt innlegg til
debatt@nationen.no.
Innlegg kan også sendes pr. post til

Nationen, Postboks 9390 Grønland, 0135
Oslo. Mer konvolutten «debatt». Innlegg
som sendes elektronisk blir prioritert.

Kronikk: Max 5000 tegn med mellomrom.
Leserinnlegg: Max 2500 tegn med mel-
lomrom. Kun bestilte kronikker honoreres.

Redaksjonen forbeholder seg retten til
å redigere og forkorte innsendt stoff og
til å publisere det elektronisk.

KRONIKK



Oppdrett: Produksjonen av innlandsrøye er på om lag 400 tonn per år. Bildet er fra Villmarksfisk i Bardu.

FOTO: STEN SIIKAVUOP

Innlandsrøya – det nye husdyret

Dei er på leit innlandsbygdene og dei har leita lenge. Dei har leita etter alternative inntekter og levevegar, dei har leita etter nye næringer som kan skape strukturelle ringverknadar utover seg sjølv og som har kraft nok til å vekse til noko meir enn ein og annan spesialost.

Saman med seg har dei hatt eit hopetal med gode hjelparar som alle har bore med segause støt-teordningar, men alle har dei leita i småskalagrøftene så lenge at dei ikkje minnest kvar langlysbrytaren er. Ikkje berre manglar me gründerane, me manglar også forretningsideane. Dei er kort sagt for dårlege og for opphengde i historieforteljing og imagebygging. Ikkje misforstå, det er viktig å kunne fortelje dei gode historiene og å bygge seg eit omdøme i den moderne symbolkonsumerande marknaden, men det er på langt nær nok aleine. Me treng idear som kan utviklast til store overordna satsingar, me treng næringspolitiske grep med langvarig strukturell rekkevidde.

Ser me i bakspegelen at norsk bygdeutvikling, ser me fleire slike strategiske grep som har hatt stor betydning for kyst- og bygdesamfunna. Me ser bureisinga i mellomkrigstida, me ser oppbygginga av sjarkfiskeflåten før og etter

krigen, me ser bruksutbygginga i landbruket gjennom nydyrking, og me ser avlørsarordninga. Og ikkje minst ser me utviklinga av oppdrettsnæringa. Me veit av historia at både laksen og hjorten at det er store etiske, helsemessige og miljømessige utfordringar knytt til domestisering av ville artar. Lat oss minne om at me sit i dag på eit breitt spekter av kunnskap som kan nyttast, ein kunnskap dei ikkje hadde i bronsealderen. Likevel klarte dei å gi oss kua og grisen, høna og sauene.

Ei rekkje tiltaksløstne bygdefolk og ei knippe forskarar har i fleire år jobba dugnad for å «temje» vårt hittil siste husdyr, innlandsrøya. Målet har vore å skape ei berekraftig innlandsnæring av røyeoppdrett. I Noreg er produksjonen i dag på om lag 400 tonn, fordelt på kring ti anlegg. Felles for dei fleste anlegga er at dei er plassert i typiske grigrendte utkantbygder som alle sårt treng nye næringer og inntekter. Men skal dei lykkast må det takast grep og grepa må takast raskt om det skal vere von om å ta att forspranget at våre argaste konkurrentar. Sverige, Finland, Island og Canada har alle større produksjonsvolum enn oss, men litt innsats og dugleik og nokre kloke vedtak kan enno få oss på linje og forbi. Verdsproduksjonen ligg i dag på i overkant av 4000 tonn på årsbasis, og marknaden er framleis veksende.

Totalt er det gitt konsesjon til mellom 25 og 30 oppdrettsanlegg for innlandsfisk her heime, og om lag halvparten av dei er for innlandsrøye. Det er likevel ikkje nok berre å auke talet på konsesjonar om ein ønskjer å gi næringa eit løft, fyrst må lønsemda aukast. Dagens røy-

oppdrettarar opplever nemleg altfor låg lønsemd til at konsesjonane vil vere nemneverdig ettertrakta. Samarbeid i næringa er også jamt over dårleg; samla sett er produsentane spreidd vidt utover landet og er gjennomgåande dårleg organisert.

Prisane ligg på kring 40 kroner kiloet for sløgd fisk på gode dagar, noko som slett ikkje treng vere så ille om ein berre hadde greidd å redusere kostnadane. Nettopp kostnadsreduksjon er ei utfordringa som ikkje treng å vere lett å løyse, men som på langt nær er umogeleg å løyse. Ei anna utfordring er prissvingingane som kjem av at mykje av fisken vert slept på marknaden samstundes. Det gjer inntektene vanskeleg å rekne seg til på førehand og reduserar moglegheitene til å utvikle både det einskilde føretaket og næringa samla. Utfordringane krev politiske vedtak og målretta kunnskapsoppbygging om teknologi og organisering, tilpassa eit innlandsbasert oppdrett i dei grigrendte skogs og fjellbygdene våre.

Dei fleste landbaserte ferskvassfiskanlegga våre er små og ligg ein stad mellom 10 og 50 tonn, men teknologien som vert nytta, er utvikla for laksesmolt og produksjonar meir enn 100 gongar større. Skal me ha von om å gjere noko med lønsemda, trengst det ein tilpassing av både teknologi og skala til dei forholda som rår ved denne typen produksjon.

Kompetansen er jamt over låg og dei fleste innan næringa er sjølv-lærte entreprenørar som har prøva og feila seg fram til det meste av det dei kan i dag. For ein utan-

forståande er det imponerende å sjå kva dei etter kvart har greidd å lære seg, men det har vore dyrekjøpt lærdom for den einskilde. Likevel er det nettopp det me allereie kan og veit som gjer at forholda ligg spesielt godt til rette for å bygge lukka, landbaserte anlegg i dag. Ved hjelp av resirkulasjonsteknologi er vassmengdene som trengst til slik type produksjon i dag redusert med over 90 prosent. Dette opnar for bruk av grunnvatn som kjelde og gir ein heilt ny fleksibilitet i høve til plasseringa av anlegga. I tillegg treng det tenkast kloke tankar om korleis ein kan utnytte næringsaltet i vatnet vidare, noko SINTEF og Bioforsk alt er i gang med, og som frå eit jordbruksperspektiv kan synast interessant i ei tid med uforutseielege prisar på gjødsel.

Oppdrett av røye har potensial til å verte ei viktig næring for delar av landet som treng det mest i dag. Det kan bli ei viktig og berekraftig attåttnæring får bønder og bygdefolk i innlandsgrendene våre, eller det kan bli enda ein missa sjanse i kampen for nye arbeidsplassar i distrikta. SINTEF Fiske-ri og Havbruk har invitert Norsk senter for bygdeforskning og andre forskingsmiljø til eit samarbeid, der vi også ønskjer oss den vesle næringa og landbruks- og matstyresmaktene med på laget. Kanskje Lars Peder Brekk med sin blågrøne bakgrunn kan løfte fram det nye husdyret?

Reidar Almås
Professor og

Bjørn Egil Flø
Forskar ved Norsk senter
for bygdeforskning

MILJØ

Noen må hjelpe sjøfuglene

Sjøfuglene dør ut langs kysten. Makrellterne, rødnebbterne, krykkje, silde-måke, fiskemåke, lomvi og lundefugl er blant artene som kan forsvinne. I tillegg er det lokale tilbakegangen for blant annet ærfugl, skarv og svartbak. Hungersnød, i kombinasjon med ekstremvinter, gir en fortvilet situasjon for de fiskespisende artene. Hva gjør myndighetene, og hva kan vi andre gjøre?

Ifølge tall fra FN er 75 prosent av verdens fiskebestander enten fullt beskattet, overbeskattet eller har kollapset. Oppdrettsnæringen bruker 2,5 kilo villfisk for hvert kilo oppdrettsfisk som produseres. Når «industrifisk» som tobis, øyepål, lodde og kolmule er nedfisket, høstes det lenger ned i næringskjeden etter krill og krepsdyr – også dette arter som fisken selv, sjøpattedyrene og sjøfuglene er avhengige av. Mens stillheten senker seg over fuglefjellene, et varsel om økologisk sammenbrudd i havet, planlegger myndighetene å doble produksjonen av oppdrettsfisk.

Utsulta måker, noen så utmattet at de aker seg frem på brystet eller vakler rundt med hengende vinger, er blant fuglene som trenger hjelp i sprengkulda. Noen få frivillige prøver fortvilet å mette så mange som mulig, men det er en enorm oppgave. Oppfordringen går til flere: Få tak i brød som butikkene kaster og mat disse fuglene som myndighetene har sviktet. Vi kan ikke se på at de lider seg gjennom en hard vinter uten mat.

Til ansvarlige myndigheter: Få opp øynene og gjør noe før det er for sent! Enkelte sjøfuglarter er redusert med 90 prosent på landsbasis. 30 prosent av landets sjøfuglreservater har dårlig tilstand. Åtte av ti fiskemåker er forsvunnet av skagerakbestanden. Kysten forstummet, samtidig som nye oppdrettsanlegg vokser opp. Noen få mennesker tjener seg styrtrike, mens sjøpattedyr, fugler og fisk lider, og vi alle blir fattige for verdier som er langt viktigere enn penger.

Innlegget er forkortet. Red.

Jenny Rolness
NOAH – for dyrs rettigheter